

Referat frå styremøtet og møtet i skriftstyret i Valdres Historielag
på museet onsdag 27. april 2022

- Sak 1 Tore Hovda refererte ein del frå rekneskapen 2021. Den viser eit underskot for året på vel 63 000 kr. Vi hadde trengt å selt 250 årbøker til for å koma i pluss i år. Salet av kalendrar har heller ikkje vore spesielt godt. Pakker med eldre årbøker derimot, som er kunngjort på Facebook-kontoen, har hatt bra avsetning. Vi diskuterte litt om strategien for sal av bøker framover.
- Sak 2 Val av nytt medlem i skriftstyret. Arne Erik har prøvd å finne nokon i Sør-Aurdal, og vil om nødvendig «vikariere» i jobben så lenge. Frå Øystre Slidre har Olav Onstad sagt frå seg. Odd Arne Rudi har sagt seg villig til å ta over i skriftstyret der. Styre fører dette som vedtak.
- Sak 3 Årsmøtet blir i Sør-Aurdal 21. mai.
- Sak 4 Valkomiteen som var i funksjon før siste årsmøte skal stå i også ved valet i år. Nils Rogn vil kalle komiteen saman.
- Sak 5 Søknad frå Toril Thømt om tilskot til bokprosjekt. Frå Kirkevollarven løyver vi kr 10 000 til dette. Tore overfører pengane og sender beskjed om vedtaket.
- Sak 6 Ivar Aars tala litt om det som var levert av stoff til årboka så langt, og kva som enno manglar. Kalenderen i år blir med tema frå Sør-Aurdal. For årboka 2023 bør 1000års-jubileet for kristninga vera aktuelt tema.
- Saman med årsmeldingane frå lokallaga er det fint å få med litt bilder.

Tove Grethe Kolstad og Anne Marit Framnes måtte gå før møtet var slutt

Nils Rogn, Ingun Kompen, Jorunn W Steinsvoll, Arne Erik Fønhus, Tore Hovda, Ivar Aars, Gunnar Hauge